SAKSARBEIDAR
Hanne Merete Moldung
Line Bårdseng
Ole Søe Eriksen

VÅR DATO
17.11.2026

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
25/00503-61

DYKKAR REF.
25/00503

DYKKAR DATO

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Høyring av forslag til detaljregulering for Bybanen - delstrekning Kaigaten - Sandviken, Bergen kommune arealplan-ID 71720000 - Riksantikvaren sitt innspel til Vestland fylkeskommune og løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd

Riksantikvaren viser til oversending frå Vestland fylkeskommune om ovannemnde sak, i brev av 2.11.2026 der Riksantikvaren vert beden om innspel til kulturminne og kulturmiljø som direktoratet har fyrstelinjeansvar for. Det vises også til brev datert 16.11.2026 frå Norsk Institutt for Kulturminneforskning (NIKU) med tilråding om det automatisk freda kulturminnet Mellomalderbyen Bergen. Riksantikvaren vil ettersende kostnadsoverslag for arkeologiske undersøkingar.

- **Riksantikvaren har vurdert Bergen kommune sitt forslag til ny trasé for bybanen. Bybanen er eit viktig tiltak for berekraftig byutvikling og framtidige transportløysingar i Bergen.**
- **Mellomalderbyen Bergen, Bergen domkyrkje, Bergenhus festning og verdsarvstaden Bryggen er kulturmiljø med stor nasjonal og internasjonal verdi. Det inneber strenge krav til nye tiltak som vil kunne få verknad for desse verdiane.**
- **Riksantikvaren vurderer at detaljregulering for Bybanen på delstrekninga Kaigaten–Sandviken kan godkjennast.**
- **Vurderinga byggjer på omsynet til kulturminne og kulturmiljø, krava i planforslaget til å unngå grunnvasssenking og den samfunnsnytten tiltaket gir.**
- **Godkjenning føreset at det blir gjennomført nødvendige arkeologiske undersøkingar og avbøtande tiltak, mellom anna miljøovervaking og risikostyring for å unngå påverknad på grunnvatnet.**

Riksantikvaren sitt innspel gjeld det automatisk freda kulturminnet Mellomalderbyen Bergen, Bergen domkyrkje og Bergenhus festning. Bryggen som verdsarvstad er Vestland fylkeskommune sitt førstelinjeansvar, men Riksantikvaren er beden om faglege råd og rettleiing. Dette er etter gjeldande retningslinjer innan kulturmiljøforvaltninga, Rundskriv T-4/92 frå Miljøverndepartementet. Riksantikvaren har det faglege ansvaret for oppfølging av verdsarven i Noreg og er rådgjevar til Klima- og miljødepartementet som statspart for verdsarven.

Lovheimel og styresmakt
I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd skal styresmaktene, i samband med behandlinga av reguleringsplanen, ta stilling til om dei kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir påverka av planen. Riksantikvaren er rette styresmakt til å ta avgjerd i saker som gjeld Mellomalderbyen Bergen, Bergen domkyrkje og Bergenhus festning, jf. forskrift om fastsetting av myndigheit mv. etter kulturminnelova § 2 (2) og (7).

Planforslaget
Planforslaget legg til rette for ny bybanetrasé i tunnel mellom sentrum og Sandviken, med haldeplassar i sentrum, ved Sverresborg og i Sandviken. Planframlegget inneber omfattande graving for omlegging og fornying av infrastruktur langs heile traseen. I tillegg omfattar tiltaket etablering av tunnelinnslag i Heggebakken. Forslaget omtalar samstundes planlagde avbøtande tiltak og overvaking av grunnvassforhold og tekniske sikringstiltak mot grunnvasssenking og setningar.

Kulturminne og kulturmiljøinteresser
Mellomalderbyen Bergen er eit automatisk freda kulturminne med omfattande kulturlag frå mellomalderen og seinare periodar. Området omfattar spor etter busetnad, handel, handverk, sjøfart og kyrkjeleg liv, og den historiske bystrukturen er framleis synleg i dagens bybilete. Området for traséen for Bybanen består av kulturlag med svært ulik samansetnad, i tjukn og i alder.

Bergen domkyrkje er ei langkyrkje i mur som vart oppført på 1100- og 1200-talet. Kyrkja ligg sentralt i Bergen sentrum og har vore eit viktig religiøst, kulturelt og samfunnsmessig samlingspunkt gjennom store delar av byens historie. Etter fleire bybrannar og ombyggingar har kyrkja fått sitt noverande preg, men ho inneheld framleis vesentlege mellomalderske bygningsdelar.

Bergenhus festning er freda etter kulturminnelova og utgjer saman med Sverresborg eit av Noregs viktigaste kulturmiljø frå mellomalderen. Området omfattar sentrale kulturminne som Håkonshallen, Rosenkrantztårnet og festningsverka, samt både synlege og skjulte arkeologiske spor. Riksantikvaren arbeider med ei utvida områdefreding som også omfattar Sverresborg og Skuteviken.

Bryggen vart innskriven på verdsarvlista i 1979 som ein globalt unik dokumentasjon av den hanseatiske handelsverksemda frå 1300-talet. Verdsarvverdiane er knytte både til bygningane, organiseringa og dei arkeologisk kulturlaga, og til omgjevnadene, mellom anna Vågen, kaiane, mellomaldergatene og den historiske kontakten mellom Bryggen og sjøen. Det blir arbeidd med ei buffersone for å styrkje vernet og gi tydelegare rammer for framtidig forvaltning og byutvikling.

KUVA-rapporten
KUVA-rapporten vurderer korleis tiltaka i planforslaget kan påverke verdsarvstaden Bryggen. Rapporten vurderer at den største risikoen for verdsarven er knytt til mogelege endringar i grunnvassforholda som følgje av tunnelarbeid, undergrunnsstasjon og vendespor i fjell, noko som i verste fall kan påverke kulturlag og bygningar ved Bryggen. Rapporten rår til vidare undersøkingar og overvaking av grunnvassforholda, strenge tekniske sikringstiltak og ytterlegare tilpassingar av prosjektet for å redusere påverknaden på kulturminne og kulturmiljø. KUVA-rapporten viser at planforslaget gir stor negativ konsekvens for verdsarven særleg grunna verknader på oppsluttande verdiar til verdsarven. Den konkluderer likevel med at dei negative konsekvensane ikkje er av ein karakter som trugar Bryggen sin verdsarvstatus eller framifrå universelle verdi.

Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) sine merknader
NIKU gir i brev datert 16.11.2026 ei fagleg tilråding til Riksantikvaren angåande det automatisk freda kulturminnet Mellomalderbyen Bergen, kulturminne-ID 89049. I tilrådinga vurderer NIKU tiltak i samsvar med reguleringsplanen og konsekvensane for arkeologiske kulturlag.

NIKU vurderer at planforslaget inneber eit svært høgt konfliktpotensial for kulturminna i Mellomalderbyen Bergen, særleg som følgje av risiko for grunnvasssenking og inngrep i automatisk freda kulturlag. NIKU tilrår fleire utgreiingar og sterkare krav til overvaking og avbøtande tiltak før planen eventuelt blir vedteken.

Dersom Riksantikvaren vel å gi dispensasjon jf. kulturminnelova § 8, 4. ledd for reguleringsplanen, tilrår NIKU følgjande vilkår: Arkeologiske granskingar innanfor mellomalderbyen Bergen i form av arkeologiske utgravingar og arkeologiske overvakingar, iverksetjing av utstrekt og langvarig miljøovervaking og overvaking av grunnvasstand, der akseptkriterium blir vurderte områdevise, og krav om avbøtande tiltak som sikrar bevaring av kulturminne in situ innanfor planområdet og i tilgrensande område.

Riksantikvaren sin vurdering av saka
Kulturmiljøforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir tekne hand om på best mogleg måte og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Riksantikvaren kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private omsyn og omsyn til samfunnet.

Forslag til reguleringsplan for Bybanen - delstrekning Kaigaten - Sandviken opnar for svært store inngrep i det automatisk freda kulturminnet Mellomalderbyen Bergen. I tillegg er det ein risiko for at tiltaka kan påverke kulturminne indirekte ved at bevaringstilhøva for kulturlag under bakken vert endra. Kulturlaga vil i så fall raskare brytast ned og i siste instans vil all kunnskapsverdi i kulturlaga kunne gå heilt tapt.

Kulturmiljøa som Riksantikvaren har ansvar for er av stor nasjonal og internasjonal verdi, som inneber strenge krav til nye tiltak som vil kunne få verknad for desse verdiane. Riksantikvaren har vurdert forslag til reguleringsplan opp mot at planforslaget legg til rette for eit heilskapleg kollektivsystem mellom sentrale delar av Bergen, at tiltaket blir rekna å ha høg samfunnsverdi

samstundes som det omfattar tiltak som vil medføre konflikt med automatisk freda kulturminne.

Den største usikkerheita i planforslaget er fare for grunnvasssenking. Ei grunnvasssenking vil ikkje berre råka kulturminne og kulturmiljø, men også stabiliteten i grunnen. Byrådet skriv at dei forutset at bygging av bybanen "ikke skal føre til uakseptabel grunnvannsenking som kan føre til tap av kulturminneverdier som ikke kan erstattes, eller føre til at grunnen som deler av byen er bygget på får setninger" jf. Byrådssak/26. Grunnvasspåvirking som vil kunne påverke grunnvassnivå, kulturlag og kulturmiljø er knytt til tunnelen, haldeplassen ved Sverresborg og tunnelpåhogga.

For å redusere usikkerheita er det gjennomført omfattande grunnundersøkingar, hydrogeologiske analysar og modellering av grunnvasstilhøva. Det er planlagd svært strenge krav til tetting av tunnel og konstruksjonar, bruk av mellombelse infiltrasjonsbrønnar i anleggsfasen, etablering av grunnvasstersklar og omfattande overvaking av grunnvassnivå, poretrykk og setningar før, under og etter bygging jf. føresegnene til planen.

Riksantikvaren tar til etterretning dei utgreiingane som er gjort omkring grunnvasspåvirking, overvaking av grunnvassnivå, poretrykk, setningar og andre mogelege påverknader frå anleggsarbeidet, slik at risiko for skade på kulturlag og bygningar kan oppdagast tidleg og handterast med korrigerande tiltak. Det er viktig å vidareutvikle løysingar som reduserer risikoen for skade på kulturhistoriske verdiar og verdsarven, og å etablere gode system for overvaking og risikostyring i anleggsfasen. Riksantikvaren har ikkje fagkunne som kan så tvil om desse utgreiingane, og kan berre understreke alvoret viss tiltaket får større konsekvens enn det planen legg opp til.

<u>Bergenhus festning</u>
Når det gjeld Bergenhus festning berører planforslaget enkelte stader det varsla fredingsområdet, men Riksantikvaren vurderer at tiltaka er i samsvar med fredingsformålet og kan bidra til betre tilgjenge og oppleving av festningsområdet. Riksantikvaren har derfor ingen merknader til planforslaget og meiner at dei føreslåtte føresegnene i tilstrekkeleg grad varetek omsynet bak fredinga.

Innanfor planområdet ligg ein bunker frå andre verdskrigen som er foreslått rive. Riksantikvaren motset seg ikkje rivinga, men oppmodar kommunen og tiltakshavar til å vurdere bevaring på grunn av bunkerens kulturhistoriske verdi.

<u>Bergen domkyrkje</u>
Den gjeldande reguleringsplanen for Vågsbunnen skal framleis leggjast til grunn etter at anleggsarbeidet i Heggebakken er ferdig. Riksantikvaren påpeiker at portal- og kulvertløysinga i Heggebakken bør gi rom for eit skoleanlegg som er tilpassa kulturmiljøet rundt den automatisk freda Bergen Domkyrkje og at utforminga av gjenoppbygging av Bergen katedralskole ikkje medfører fare for utilbørleg skjemming av kyrkja.

Verdsarvstaden Bryggen

I *Retningslinjer for gjennomføring av Verdensarvkonvensjonen* (2025) og gjeldande rettleiarar vert det gitt tydeleg rettleiing om korleis endring og utvikling i verdsarvområda skal handterast. Ein skal unngå negative verknader og svekking av framifrå universell verdi som ligg til grunn for verdsarven, kartleggje alternativ og fremje avbøtande tiltak slik at verdsarven ikkje vert trua. Riksantikvaren legg svært stor vekt på omsynet til verdsarvstaden Bryggen, i tråd med regjeringa si ambisjon om at dei norske verdsarvstadene skal vere fyrtårn for beste praksis i forvaltinga av natur- og kulturarv og føre var-prinsippet. Usikkerheit rundt verknader av eit tiltak skal tolkast som negativ verknad. Tiltak skal difor ikkje tillatast før ein har tilstrekkeleg kunnskap om verdsarven kan verte trua av tiltaket.

Dette stiller strenge krav til eit godt kunnskapsgrunnlag etter anerkjente nasjonale og internasjonale reglar og retningsliner. Riksantikvaren ser det som svært positivt at Bergen kommune gjennomfører ein KUVA-prosess i tråd med gjeldande rettleiar og forventningane til beste praksis i Noreg. Riksantikvaren meiner at kunnskapsgrunnlaga kommunen har innhenta i samband med verdsarvstatusen har svært viktige innspel og merknader. Eit så omfattande tiltak vil ha verknader, konsekvensar og risiko for verdsarven og framifrå universell verdi. Riksantikvaren legg difor stor vekt på dei avbøtande tiltaka i KUVA-rapporten og den gjentakande prosessen KUVA-metodikken nyttar for å tryggje verdsarven gjennom heile planprosessen.

Riksantikvaren deler vurderingane i KUVA-rapporten som gjeld overvaking av grunnvasstilhøva og strenge tekniske sikringstiltak for å redusere påverknaden på kulturminne og kulturmiljø for å avgrense risikoen for skade på verdsarvrelaterte kulturminne. KUVA-rapporten legg til grunn at tiltaket kan gjennomførast utan uakseptable konsekvensar for verdsarven på Bryggen, og Riksantikvaren er einig i den vurderinga.

Vi understrekar at dei strenge krava, avbøtande tiltak og overvakinga i planforslaget er avgjerande for å sikre verdsarven og dei ulike verdiane og kjenneteikna som ligg til grunn.

Trafikkplan

Riksantikvaren tilrår at ein snarast bør innføre fase 2 i trafikkplan sentrum for å redusere trafikkbelastning framfor Bryggen og i Øvregaten. Det vil vere av stor tyding for det viktige kulturmiljøet i Øvregaten at den ikkje vert ein avlastingsveg. Når det gjeld framtidig trafikkutvikling og kor vidt dei planlagde tiltaka faktisk blir gjennomførte i sin heilskap understrekar Riksantikvaren at det er viktig at desse blir fylgt opp og gjennomførd av omsyn til kulturmiljø av nasjonal og internasjonal verdi.

Konsekvensutgreiinga

Riksantikvaren har i alle innspel i saka påpekt at konsekvensutgreiinga blei utarbeidd for 13 år sidan, og at ny kunnskap kan ha kome sidan den gong jf. rettleiaren "Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven" frå dåverande Kommunal- og moderniseringdepartementet. Kommunen har valt å utarbeide nokre tilleggsutgreiingar for å bøte på dette. Riksantikvaren meiner framleis at det burde vore utarbeidd ei ny konsekvensutgreiing, men tek til etterretning at dette ikkje er gjort.

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne

Etter Riksantikvaren sin vurdering kan detaljregulering for Bybanen - delstrekning Kaigaten - Sandviken, arealplan-ID 71720000, Bergen kommune, jf. vedlagde kart datert 25.9.2026, godkjennast av Bergen kommune under visse føresetnader. Det forutset at det blir gjort nødvendige arkeologiske undersøkingar og avbøtande tiltak, mellom anna miljøovervaking og risikostyring av påverknad på grunnvatnet, for sikring av kjeldeverdi og langsiktig bevaring av kulturlag i planområdet og tilgrensande område.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, under dette endelege kostnader og avgrensing av undersøkingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken.

Tiltakshavaren må varsle rette kulturmiljøstyresmakt i god tid før han ønskjer å gjennomføre tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter gjere vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket vil kunne klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

Vilkår for dispensasjon
Vilkår for dispensasjonen frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket er ivareteke i planføresegnene når det gjeld arkeologiske undersøkingar og avbøtande tiltak.

Vi ber om eit ei endring av karta med tillate gravedjupner og at NGUs anbefalingar for grunnvasspåvirking blir gjort om til eit juridisk bindande dokument.

Vi ber om at følgjande dokument vert endra:
Dei juridisk bindande dokumenta " Tillatte gravedybder, tegningsnummer BT5-T-B1-X-0101 og BT5-T-B2-X-0104, datert 25.10.2026" bør endrast slik at tiltak som ligg utanfor plangrensa vert markert i kartet, og supplert med forklarande tekst: "Tiltak som ligger utenfor plangrensen må omsøkes etter kulturminneloven § 8, 1. ledd."

Notatet *Anbefalinger om akseptkriterier for grunnvannspåvirkning ved prosjektering av Bybanetunnelen, Bergen*, datert 26.6.2026 frå NGU med anbefalingar om at bybanetunnelen bør ha strenge tettekrav, miljøovervaking med varslings- og tiltaksgrenser, og krav om avbøtande tiltak ved grunnvassendringar, bør gjerast om til eit juridisk bindande dokument.

Utgifter til arkeologisk gransking
Tiltakshavar skal bere kostnader ved arkeologisk gransking i samband med gjennomføring av planen, jf. kulturminnelova § 10.

Konklusjon
Bybanen er det største klimatiltaket Bergen kommune gjennomfører for å styre mot eit lågutsleppsamfunn. Riksantikvaren si samla vurdering er at detaljregulering for Bybanen, delstrekninga Kaigaten–Sandviken, Bergen kommune, arealplan-ID 71720000 kan godkjennast av Bergen kommune. Vurderinga byggjer på omsynet til kulturminne og kulturmiljø, som Riksantikvaren har ansvar for, dei strenge krava til å unngå grunnvassenking og tiltaket si samfunnsnytte. Ei godkjenning føreset at det blir gjennomført nødvendige arkeologiske undersøkingar og avbøtande tiltak, mellom anna miljøovervaking og risikostyring av påverknad på grunnvatnet.

Riksantikvaren ber om at direktoratet sitt innspel blir innarbeidd i fylkeskommunen si fråsegn.

Skulle administrasjon i Vestland fylkeskommunen reise motsegn mot planforslaget, og dette ikkje blir fylgt opp politisk, ber vi om at saka vert sendt til Riksantikvaren som då vil vurdere å overta den som kulturmiljømyndigheit jf. underretningsplikten innan kulturmiljøforvaltninga, jf. § 7 i Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven og rundskriv T-4/92 Kulturminnevern og planlegging etter plan- og bygningsloven.

Helsing

Linda Veiby
avdelingsdirektør

Silje Flage Dragsund
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift

Vedlegg:
Reguleringsplankart PlanID 71720000 Datert 25.09.2026